

## Slik fyller du ut årsmelding for 2019.

### Rettleiing for FM-konsesjonærar og lokalfjernsynskonsesjonærar

Innsendingsfrist 1. juni 2019

[Gå hit for å sjå rettleiingsvideo](#)

## Autentisere og logge på

### Første gong du loggar på

*Obs: Konsesjonærar som allereie har ein brukar i Min side fordi dei har søkt om tilskot til lokale lyd- og biletmedium, treng ikkje å opprette ein ny brukar. Dersom det er ein annan kontaktperson som skal levere årsmelding enn den som søkte tilskot for lokale lyd- og biletmedium må det lagast ny brukar.*

For å ta i bruk «Min side» må du aktivere brukaren din. Første gong du loggar på gjer du følgjande:

1. Du får ein e-post med invitasjon til «Min side»
2. Klikk på linken i e-posten for å stadfeste brukaren din. For ettertid vil det vere følgjande adresse til «Min side»: <https://medietilsynet.force.com> Det er lurt å lagre denne som bokmerke eller *Favoritt* i nettlesaren din.

Passord opprettar du første gong du skal logge inn. Når passord er oppretta, vil du få melding om å skrive inn ein sikkerhetskoden. Denne vil bli sendt på den e-postadressa du er registrert med hos Medietilsynet.

OBS! dersom du ikkje mottok e-posten med koden så kan det vere lurt å sjekke spam-filteret ditt.

### For framtidige påloggingar til «Min side»


1. Gå til <https://medietilsynet.force.com>
2. Skriv inn e-post adressa ditt (brukarnamn) og passordet du sjølv har laga
3. Du får tilsendt ein sikkerhetskoden på e-post. Skriv inn koden. Trykk «Neste». Du er no innlogga på «Min side». Du vil få tilsendt ny sikkerhetskoden kvar gong du skal logge deg på «Min side»

## Fyll ut årsmelding

1. Klikk på: «Årsmelding»
2. Øvst på sida blir det vist «Alle» - det vil si årsmeldingar for 2019 som du har sendt inn eller årsmeldingar som du jobbar med.
3. Klikk på «Ny» øvst på høgre side - eit nytt skjema opnar seg.

4. Begynn med å **Oppgi konsesjonsnummer**, her vel du konsesjon som du skal levere årsmelding for. For å søkje opp konsesjonar som du er kontaktperson for, gjer følgjande:

- Klikk i feltet **Søk i Saker** (fint til høgre i skjema).
- Skriv inn det firesiffrige konsesjonsnummeret og trykk enter. Då blir berre den eine konsesjonen vist. Alternativt: skriv **00** (to nullar) og deretter vel «00» i **Saker**. Då skal det visast ein liste med tittel **Saker**. På denne lista blir alle konsesjonar du er kontaktperson for viste




5. For å opprette årsmelding for den einkilde konsesjonen klikkar du på **saksnummer** som blir vist til venstre for konsesjonsnummer:



STATUS	SAKSNUMMER	KONSEJONSNUMMER	STASJONSNAVN
Ny	<u>00363487</u>	3999	Test radio
Ny	00363551	2999	Test tv

NB. Du skal velje berre konsesjon med status **Ny** (status Lukket betyr at konsesjonen har stansa).

6. Fyll ut namnet, organisasjonsnummeret til konsesjonæren og alle felte i skjemaet. Det finst hjelpetekstar ved nokre av felte. Desse blir synlege ved å halde musépeikaren over «i»-ein ved feltet.





- Etter at du har fylt ut alle obligatoriske felt i skjema (dvs. felt merka med \*) kan du «mellomlagre» ved å velje **Nei** i feltet for **Innsending av årsmelding** og trykke deretter for «Lagre» nedst i årsmeldinga. Då har du høve til å redigere seinare. Informasjonen du har fylt inn blir verande den same til neste gong du loggar på.



Innsending av årsmelding

\* Innsending av årsrapportering? ⓘ

Nei

Avbryt Lagre og ny Lagre

- Når du er har fylt ut alle felt og er klar til å sende inn årsmeldinga, vel du **Ja** i feltet for **Innsending av årsmelding** og trykkjer deretter for «**Lagre**» nedst i årsmeldinga.



Innsending av årsmelding

\* Innsending av årsrapportering? ⓘ

Ja

Avbryt Lagre og ny Lagre

- Om du har fleire FM-konsesjonar eller konsesjonar for lokal-tv, må du fylle ut ei årsmelding for kvar konsesjon, inkludert separate nøkkeltal for økonomien i kvar konsesjon i 2019.

Har du spørsmål? Kontakt oss på [aarsmelding@medietilsynet.no](mailto:aarsmelding@medietilsynet.no) eller ring 69 30 12 00.